

Gjennomføring og organisering av tentamen

Nissedal ungdomsskule



Gjeldande frå hausten 2018

Pedagogisk grunngjeving for ny tentamensordning

Nissedal ungdomsskule har, som mange andre skular, fylgt den tradisjonelle tentamensforma med heildagsprøver i mange år. Det vil seie at elevane har fått ein heil dag til disposisjon i faga engelsk, matematikk og norsk (hovudmål og sidemål frå 9. klasse). Skulen sine lokale retningsliner har sagt at elevane ikkje kan levere og reise før kl. 12, for å forsøke å sikre at dei arbeidar godt med oppgåvene. Dette har resultert i mykje støy og uro frå dei som er ferdige og ventar på å få fri. Samtidig ser vi at det er få som nyttar tida godt, svært mange leverer og reiser heim så fort dei har lov. I etterkant er elevane mest opptekne av karakteren sin, ikkje av tilbakemeldingar på korleis dei skal forbetre seg. Dette kjem i stor grad av at eleven føler seg ferdig med arbeidet når tentamen er levert.

Vurdering for læring er eit viktig prinsipp i undervisninga, og vi har arbeidd med dette i Nissedalsskulen sidan 2013. God undervegsvurdering er særleg lagt vekt på, og under ser de eit utklipp frå Utdanningsdirektoratet som skildrar dei fire viktige prinsippa for god undervegsvurdering:

Det er særleg fire prinsipp som er sentrale for å få til ei læringsfremjande undervegsvurdering. Desse fire prinsippa er forskningsbaserte og ein del av forskrifta til opplæringslova. Alle elever har rett på undervegsvurdering.

1. **Elevane skal forstå kva de skal lære og kva som er forventet av dei.**
2. **Elevane og lærlingane skal få tilbakemeldingar som fortel dei noko om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.**
3. **Elevane og lærlingane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.**
4. **Elevane og lærlingane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.**

Gjennom undervegsvurderinga får lærar og elevar informasjon om den faglege utviklinga. Når vurderingsinformasjonen vert bruka til å fremje læring og tilpasse opplæringa, blir det kalla *vurdering for læring*.

Vi har sett til Lillesand ungdomsskule, som i mange år har hatt ei tentamensordning som samsvarar med dei fire prinsippa over. I deira informasjonsskriv syner dei vidare til artikkelen «Fem teser om funksjonell respons på elevtekster» av Trygve Kvithyld og Arne Johannes Aasen. I artikkelen gjev forfattarane følgjande råd om korleis ein kan gje læringsfremjande respons på elevtekstar:

1. **Respons må bli gjeve undervegs.** Respons har lita eller ingen effekt dersom den blir gjeve på ein tekst eleven føler seg ferdig med. Respons må kome medan eleven er i læringsprosessen, og derfor bør læraren gjere sitt beste for å vere «tett på» elevane og rettleie dei undervegs i skriveprosessen.
2. **Respons må være selektiv.** Læraren som kvalifisert lesar er i stand til å identifisere alle feil og manglar ved ein elevtekst, men vi må skilje mellom det vi faktisk ser i elevteksten og det vi kommuniserer vidare til elevane. Vi kan ikkje gje elevane heile diagnosa, men tilpasse tilbakemeldingane våre på ein slik måte at elevane kan nyttiggjere seg dei. Derfor må vi gje respons på område i teksten som elevane har evne til å utvikle. Det handlar om å finne vekstpotensial i teksten, der vi balanserer positive kommentarar og kommentarar som peikar på vekstområda.
3. **Respons må vere ein dialog.** Denne tesa oppmodar responsgjevar til å gå i dialog med eleven om tekstens kvalitetar og utviklingspotensial. Dette kan ein gjere ved å stille spørsmål til teksten: Kva meiner du her? Kan du sjå saka frå fleire sider? Responsgjevar skal ikkje ta kontroll over teksten, men heller forsøke å få tak i eleven sitt prosjekt: Kva er det eleven prøver å få til? Kva ønskjer han/ho å formidle? Ved å gå i dialog med eleven om teksten, kan ein unngå å frata eleven eigarskapet til teksten.
4. **Respons skal motivere til vidare arbeid/revidering.** Det ligg eit viktig haldningsskapande arbeid til grunn for at elevane ikkje skal oppleve bearbeiding som straff. Gjennom responsarbeid vil elevane få ei erfaring med og ei forståing for at alle tekstar kan bli betre. Undervegsvurdering er ei tilbakemelding på ein tekst i prosess, og elevane må få erfare at gjennom responsarbeid kan dei vidareutvikle tekstane sine. Dette har konsekvensar for kva vi vel å leggje vekt på i ei undervegsvurdering. Ein lærar som berre fungerer som korrekturlesar i denne fasen, kan dempe skrivegleda hjå eleven.
5. **Respons må være forståeleg for å vere læringsfremmjande.** Fleire studie på lærarrespons syner at elevane ofte ikkje forstår kommentarane læraren gjev. Kommentarane må vere konkrete, og gje retning for korleis eleven kan forbetre teksten sin. Til dømes er margkommentarar ofte meir effektive enn sluttkommentarar, fordi det er lettare for elevane å sjå kva for konkrete tekstdelar kommentarane er knytt til.

Vi vil derfor endre praksisen vår på tentamen, slik at gjennomføringa gir eit betre fagleg utbytte for elevane. Dessverre er det slik at eksamensordninga framleis er basert på heildagsprøve, slik at vi må øve oss på dette også i 10. klasse. De vil derfor sjå at tentamensordninga blir annleis i 10. klasse enn i 8. og 9. klasse.

Organisering av skriveøktar og tentamen i faga norsk og engelsk for 8. og 9. klasse

Hovedprinsippa for tentamen i desse faga er at både øktene skal liggje innanfor same skuleveke, men det ligg inga fast føring om kva for dagar/øktar, noko som bidreg til større fleksibilitet for når rettleiing kan skje. Tabellen syner eit døme på korleis tentamensøktene kan bli lagt:

Måndag	Tysdag	Onsdag
08.45-11.15: Tentamen	Ordinær undervisning for elevane.	08.45-11.15: Tentamen held fram
Elevane har ordinær undervisning resten av dagen Faglærer tek ut elevane av undervisninga ein om gonga, for å gje rettleiing på det arbeidet eleven har levert	Faglærer tek ut elevane av undervisninga ein om gonga, for å gje rettleiing på det arbeidet eleven har levert	Elevane har ordinær undervisning resten av dagen

Faglærer er tilgjengeleg i klasserommet ved oppstart for å gå gjennom oppgåva saman med elevane og avklara eventuelle felles spørsmål.

Under skrive delen er faglærer tilgjengeleg på eit rom. Der kan elevane kome for å få rettleiing og hjelp. Det skal vere eit godt køsystem der elevane som ønskjer rettleiing gjev beskjed om dette til tentamensvakta. Tentamensvakta fører namnet på elevane som ønskjer rettleiing på tavla, og elevane blir så sendt til faglærer etter dette køsystemet. I tillegg skal elevane som seier seg ferdige med å skrive før kl. 11.15 inn på rommet der faglærer sit, for å arbeide med ulike oppgåver i faget. Dette for å hindre uro i klasserommet der skivinga gjeng fører seg.

Vurderingskriterier skal bli utarbeidd og vere kjente for elevane i forkant av tentamen. Desse tek utgangspunkt i kompetansemåla og læringsmål, og skal danne utgangspunkt for responsen lærarane gjev til elevane.

Eigenvurdering: I fyrste del av tentamen (dag 1) skal eleven skrive ei eigenvurdering av tekstutkastet, og ei bestilling på kva dei ønskjer rettleiing på. Dette sikrar at rettleiingstida blir nytta effektivt og at eleven sitt perspektiv blir sett. Elevane skriv også ein eigenvurdering etter dag to av tentamen. Dette kan skje i fyrste påfølgjande time i faget og eleven skal få respons på denne frå faglærer.

Respons undervegs: Denne tentamensmodellen krev frikjøp av lærarane frå anna undervisning dei dagane tentamen føregjeng. Den frikjøpte tida nyttar lærarane til å gje elevane munnleg rettleiing på elevane sine førsteutkast. I denne modellen får elevane 15 til 20 minutt kvar med individuell undervegsvurdering.

I sjølve rettleiingssamtalane er det elevane sine eigenvurderingar som ligg til grunn for samtala. Der kjem elevane med bestillingar til lærarane om kva dei ønskjer rettleiing på. Responsen som blir gjeve undervegs startar ved at læraren les teksten der og då saman med eleven. Undervegs i lesinga er læraren i dialog med eleven slik at spørsmål og det som eventuelt er uklårt kan bli avklart. Det er teksten sitt vekstpotensial og eleven sitt prosjekt som blir lagt vekt på. Språklege feil blir indikert i marginen.

Elevane har ikkje høve til å ta med tekstane heim. Lærar oppbevarar tekstane fram til tekstane skal bli arbeidd med. Undervegsvurderinga bør bli dokumentert, til dømes ved å ta kopi av tekst og respons – eller at elevane leverer inn dette til slutt, saman med det endelege utkastet.

Sluttvurdering

Når elevene har fått god undervegsvurdering, der eleven tydeleg veit kva han kan gjere for å utvikle teksten sin, blir krave ofte berre ein kort kommentar på sluttproduktet.

Sluttvurderinga skal peike på det positive ved teksten og innehalde ei framovermelding. Framovermeldinga skal vere på område i teksten som elevane har høve til å utvikle – ein må finne vekstpotensial i teksten og peike på område som kan bli overførte til neste skrivesituasjon. Vi balanserer positive kommentarar som peikar på vekstpunkt i teksten. Det blir gjeve to, maks tre, framovermeldingar i tillegg til karakter.

Faglærer blir frikjøpt i den tida han skal vere disponibel for å rettleie elevane (under tentamensdagane). Faglærer får ikkje kompensasjon for eventuelle undervisningsfrie timar i denne perioden, då dette er å rekne som ein del av rettebeid og er ikkje undervisning. (Avtalt med Utdanningsforbundet)

Organisering av tentamen i matematikk for 8. og 9. klasse

I matematikk vil tidsrommet mellom dei to tentamensdagane vere på omlag 1 måned. Dette fordi vi legg vekt på matematiske samtalar og diskusjonar i klassa. Forsking peikar på at heilklassediskusjonar kan gje elevane direkte tilgang til matematiske idear og til relasjonar mellom idear, strategiar, prosedyrar, fakta osv. Matematiske diskusjonar kan bidra til at alle desse aspekta ved matematisk tenking kan bli lettare å forstå.

Tentamen i matematikk vil derfor gå føre seg slik for 8. og 9. klasse:

1. tentamensdag	Mellomarbeid ca. 1 måned	2. tentamensdag
08.45-11.15: Tentamen Elevane har ordinær undervisning resten av dagen	Ordinær undervisning for elevane. Faglærer arbeider med oppgåver frå tentamen i klassa gjennom felles matematiske diskusjonar i klassa, og rettleiing både kollektivt og individuelt.	08.45-11.15: Tentamen held fram Eleven blir prøvd i oppgåver som liknar på dei frå fyrste skrive dag Elevane har ordinær undervisning resten av dagen

Faglærer er tilgjengeleg i klasserommet ved oppstart for å gå gjennom oppgåva saman med elevane og avklara eventuelle felles spørsmål.

Under tentamensdelen er faglærer tilgjengeleg på eit rom. Der kan elevane kome for å få rettleiing og hjelp. Det skal vere eit godt køsystem der elevar som ønskjer rettleiing gjev beskjed om dette til tentamensvakta. Tentamensvakta fører namnet på elevane som ønskjer rettleiing på tavla, og elevane blir så sendt til faglærer etter dette køsystemet. I tillegg skal elevar som seier seg ferdige med tentamen før kl. 11.15 inn på rommet der faglærer sit, for å arbeide med ulike oppgåver i faget. Dette for å hindre uro i klasserommet der oppgåvejobbing gjeng føre seg.

Vidare arbeid

I klassens neste matematikktime får elevane utdelt del 1. Elevane går gjennom dette saman i grupper, samanliknar svara og forsøker saman å finne den rette løysinga.

Deretter går vi gjennom delar av del 1 saman. Lærer syner oppgåvelyden og høyrer kva elevane har fått til svar på dei ulike delane og korleis dei har gått fram for å løyse oppgåvene. Der fleire elever har fått ulike svar, brukar det å bli interessante samtalar med mange gode elevforslag. Lærer stoppar opp der det er naturleg og naudsynt, og går raskare gjennom det dei fleste har fått til.

Medan vi gjer dette, rettar elevane sjølv og skriv rett/galt og talet på poeng ved sida av oppgåva. Til sist skal kvar elev reflektere over kva dei meistrar og kva dei må fokusere på framover. Dei noterer ein til to emne/ mål for seg sjølv. Dette brukar vi omlag ein time på til saman. Lærer samlar inn igjen del 1 og tek vare på denne til fagsamtala.

Vi jobbar ganske tilsvarande med del 2, men her har lærar skreve på poeng og eventuelt kommentar på sjølve prøva. Elevane skal sitje i dei same para/gruppene igjen, gå gjennom prøva og diskutere og hjelpe kvarandre til å forstå feil dei har gjort ut frå retting, kommentarar og eigen matematikkunnskap. Deretter samlar vi alle og stoppar opp ved oppgåvene som var utfordrande for mange.

I denne delen av prosessen brukar vi tid på å lese oppgåvene nøye. Kva spør ein etter her? Oppfattar vi oppgåva likt? Det blir gjerne teikna hjelpeteikning der det er naturleg, og vi lar elevane prate to og to igjen. Kanskje nokon forstår meir no? Deretter får vi fram i plenum ulike svar og tankemønster, og lærer av kvarandre.

Til sist reflekterer eleven over kva dei meistrar og kva dei må fokusere på vidare frå del 2. Dei noterar igjen ein til to emne/ mål. Vi bereknar omlag ein time til dette. Lærar samlar inn igjen delprøvene og tek vare på dei til fagsamtalen.

Fagsamtalen: I løpet av den neste tida, før 2. tentamensdag, har faglærer fagsamtale med den einskilde eleven. Lærar har med seg eleven sitt svar frå 1. tentamensdag og elevens eigne mål, samt framovermeldinga til eleven. Vi høyrer refleksjon rundt kva eleven sjølv har kome fram til at han/ho meistrar bra, og kva han/ ho vil fokusere på for å utvikle dei matematiske dugleikane sine. Deretter ser vi gjennom og stoppar opp ved oppgåver/ emne som eleven framleis synest er utfordrande eller ikkje har fått svar på gjennom samtale og gjennomgang i klassa. Ofte har elevane også sjølve med spørsmål dei lurar på til denne samtala. Eleven får med seg prøva med vurderinga og bør nå vere klar for å jobbe målretta mot det han/ ho treng å øve på fram mot andre tentamensdag.

Vurdering etter andre tentamensdag

Andre tentamensdag kjem cirka ein månad etter den fyrste. Då har elevane fått høve til å jobbe med måla sine. Dei blir prøvd i stort sett dei same emna på både prøvedagane. Dette veit elevane og er derfor ofte motiverte for å forbetre seg.

Etter siste tentamensdag får elevane tilbakemelding med vurdering på både tentamenane. Her vil dei få poeng på kvar enkelt oppgåve, karakter og faglærer sine kommentarar, samt framovermelding.

Faglærer blir frikjøpt i den tida han skal vere disponibel for å rettleie elevane (under tentamensdagane). Faglærer får ikkje kompensasjon for eventuelle undervisningsfrie timar i denne perioden, då dette er å rekne som ein del av rettebeid og er ikkje undervisning. (Avtalt med Utdanningsforbundet)

Gjennomføring av tentamen i matematikk, engelsk og norsk i 10. klasse

Eksamensordninga i Noreg er framleis slik som før, med heile dagar med skiving, utan vurdering eller rettleiing undervegs. Dette må vi ta høgde for i skulen og gjere elevane førebudde på.

Tentamen for 10. klasse i alle tentamensfaga ser slik ut:

Hausten	Heildagsprøve. Faglærer er ikkje i klasserommet frå starten av dagen, dette for at elevane må øve seg på å forstå oppgåva og det som blir spurd om sjølv. Faglærer er tilgjengeleg på eit rom, og elevane kan få rettleiing undervegs der. NB! Kjøsystem med namn på tavla. Når eleven har levert tentamen, når som helst i løpet av skuledagen, skal han/ho inn på eit rom til faglærer og arbeide med tilgjengelege oppgåver i faget. Faglærer har ansvar for å syte for nok oppgåver til alle ut dagen. Alle elevar skal vere på skulen ut skuledagen. Det ordinære ordensreglementet gjeld. Det er dermed ikkje lov til å ha med med brus og godteri.
Våren	Heilt likt som til eksamen. Inga rettleiing undervegs. Faglærer har ikkje tilgang til eksamenslokalet. Eleven kan gå heim når den har levert, om så klokka berre er 9.15. Brus/godteri er lovleg. (Ikkje type potetgull – knas) Ikkje handel i kantina.

Ny ordning for tentamen er utarbeidd av:

Klara Beyer-Clausen (faglærer matematikk)

Geir Halvor Volline (faglærer matematikk)

Per Trygve Fosslø Løyte (faglærer norsk)

Toke Beyer-Clausen (faglærer engelsk)

Marit Madsen (konsulent)

Edel Johanne Valle (inspektør)

Reidun Carol Retterholt (rektor)

Andre faglærarar har hatt høve til å uttale seg